

Idrettstevlingar for 100 år sidan

I 1985 fortalde Peter P. Fet (f.1900) litt frå pionertida til Velledalen Idrottslag. Eg tok opp forteljninga på lydband og gir att innhaldet nokså nær slik Peter fortalde. Nokre ord og uttrykk er såleis farga av gamal dialekt.

- Idrettslaget i dalen arrangerte konkurransar på Fitjavatnet fyrst på 1900-talet. Om sommaren var det kapproing og om vinteren skeiserenn.

Kapproing. - Kapproinga starta ved Ihljebryggjå (staden der Ellingfonna når Fitjavatnet). Deltakarane rodde rett over vatnet til Nils-gjerdet på hi sida og tilbake. Eg hugsar godt at han Myre-Jens på Velle og han Tore-Fredrik på Dravlaus var med. Dei var vane med fiskarlivet på Alnes og var dugande roarar. Han Langeland i Straumgjerde og mange andre var òg med, hugsar eg. Langeland var tjukk og sterk. Ei tid seinare var det kapproing frå Fitja-nausta og ut åt Nils-gjerda og inn att. Då var eg med i lag med han Laurits-farbror. Somme gongar var det éin rorskar, andre gonger to. Alle færingane hadde to keipepar, så vidt eg hugsar. Tore-Fredrik var ein ivrig deltakar. Han var vel ein av vinnarane og dessutan ein av dei eldste. Fredrik hadde nok meir trening enn andre. Før konkurransen gjaldt det å ordne hamlebanda før roinga starta.” Øss rodde alltid med øss vann og var snøtt sprengde når øss kom i mål”.

- Eg trur at han Jakob-Ole-Severin på Velle var med og arrangerte kapproinga som Velledalen Idrottslag stod bak. Det var ikkje så mykje premiering i den tid. Men dersom ein var med i fleire øvingar som laget arrangerte, slo dei i hop og gav premie for heile idretten.

Skeiserenn. - Når det var tevlingar i skeiserenn om vinteren, gjekk starten frå nausta på Fet og like ut åt Ljøselva og same veg tilbake. Nokså mange deltok. Dette var ein folen hard sport, og det var premiering. Eg vann éin gong, og då fekk eg ein knapp der det stod ”Værg dit land”. Knappen hadde tre fargar, raudt, kvitt og blått. Eg bar han i trøyesnippen, men miste han seinare.

- Slike renndagar samlast mykje folk. Særleg mykje ungdom stod og såg på korleis det gjekk føre seg.

- Eg hadde berre sånne vanlege krullaskeiser. Og eg hugsar ein gong den tida Sivert Erdal budde i Barbrogarden. Han var gift med Barbro-Johanne og dreiv garden nokre år etter 1918. Sivert hadde nokre lange skeiser med stål under. Desse gjekk han fole fort med. Og han Samon-Oskar på Dravlaus fekk låne skeisene til Sivert. Dermed vart Oskar føre meg det året. (Om lag 1920)

Sykling. - I den tida vart det skipa tevlingar i sykling kvart år. Det var lite med sykklar i dei åra, men ein og annan hadde, særleg heimkomne amerikafararar.

- Ein gong starta syklinga frå Valljareita. Syklistane snudde ved den såkalla Storsteinen tett utai (utanom) Grøtgarden, om lag der den raude hytta er sett opp på Straumestranda mellom vegen og Fitjavatnet. (Storsteinen er longe sida vekkskoten) Så barst det fram att til Velle. Då var det berre så vidt deltakarane greidde å puste. Det var aldri snakk om trening, så ein kunne mest ”gå te” av hardkøyret.

Friidrett. - Eg var òg med i terrengløp. Løypa gjekk frå Valljareita og fram åt Brunstadbytet. Vi skulle leite opp alle postane undervegs.

- Ein annan gong gjekk løypa frå same staden og ned gjennom alle Tegane og fram att etter vegane. (Det må vere bortom Storelva og ned til Fet, over Fitjabrua og fram att til Velle etter bygdavegen).

- Eg pla vere med etter at eg vart konfirmert. Det var fole kor øss tok i. Alle var heilt sprenge og kjende blodteven. Det var rart det gjekk vel.

- Åmund-Ole på Velle var flink. Han var spretten og spenstig, særleg i byksing. Slik var broren òg, han Severin, som vart gift ute på Erstad. Dei var hissige. Det gjekk i lengde og høgde og trestegsprång.

- Øss heldt til mykje inne på sætrene med denne friidretten. Ein gong eg var med i friidrett der inne på Lastølen, det var i 1922, stod han Jo-Jens på Fet for arrangementet. Han Jens var formann i idrettslaget ei tid. Dette var sjølv sagt før han emigrerte til Amerika. Jens var svær til å halde greie på ting.

- Eg skulle som sagt vere med, og hadde stilt meg opp på startstreken for å springe 100-meteren. Så kom han Rime-Ole, felespelaren, og stilte seg attmed. Då eg la te, la han også te. Han sleiva og språng, og alt folket hauka og lo. Men det gjekk no godt den gongen. Om kvelden var det idrettsfest på ungdomshuset og utdeling av premiar. Der var òg tale, opplesing og dans.

Skyttarfest. Eg hugsar at han Anders-Ole på La heldt tale på ein skyttarfest. Han heldt beint fram ein god og lang tale. Men Ole hadde den uvanen at han smatta to gongar mest etter kvar setning. Dette tykte tilhøyrarane var fole løye. Men innhaldet i talen var av høg klasse. Han Rime-Ole spelte til dans. Eg kan ikkje hugse andre frå den tida.

Jostein Drabløs